

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/2566-1

Eigarposisjon i Fjord1 AS - Utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS

Saka vart tatt opp i møte, og det er dermed inga tilråding i saka.

Vedlegg:

- Notat frå fylkesrådmannen datert 24.02.2016 – Eigarposisjonen i Fjord1 AS – utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS
 - Vedlegg 1 til notatet – Mandat 18. mars 2014
 - Vedlegg 2 til notatet - Faktura Wiersolm sladda versjon

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sin leiar, Frank Willy Djuvik, ba i e-post datert 2. februar 2016 fylkesrådmannen om ei skriftleg orientering om utbetalingane til Wiersholm og DHT og kva rutinar som er knytt til attesting/tilvising av fakturaene. Dette på bakgrunn av oppslag i media. Det vart bedt om følgjande i e-posten:

1. Vi ber om å få innsyn i alle utbetalte rekningar til Wiersholm og DHT, samt alle bilag til desse.
2. Vi ber om å få innsyn i kontrakten mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT for å sjå korleis utbetaling av kostnadsdekning er fastsett i avtalen.
3. Vi ber om ein redegjørelse om korleis praksis/rutinar er for krav om bilag for utbetaling av kostnadsdekning for leverandørar til fylkeskommunen.
4. Vi ber om ein redegjørelse om korleis fakturaene frå Wiersholm/DHT er kontrollerte opp imot deira konkrete oppdrag før attesting, og kven som har attestert på dei enkelte fakturaene.

Kontrollutvalsleiaren tok opp spørsmålet om avtale med Wiersholm/DHT var inngått i tråd med lov om offentlege anskaffingar i e-post datert 9. februar 2016.

2. Sakshandsaming og vurderingar

Fylkesrådmannen sendte 24. februar notat til kontrollutvalet med svar på begge e-postane. Avtale med Wiersholm og fakturaer frå Wiersholm/DHT var vedlagt notatet.

I tillegg stilte fylkesrådmannen i kontrollutvalet 3. mars i saka 11, pkt.1 for å orientere utvalet om dei spørsmåla som var stilt i e-postane frå leiar i kontrollutvalet. I tillegg fekk utvalsmedlemmane høve til å stille fylkesrådmannen spørsmål.

SF revisjon var også til stades under orienteringa i sak 11, pkt. 1 og utvalsleiar ba om revisor si vurdering av om fylkeskommunen har eit godt nok system for behandling av fakturer. Revisor peikte på at rutinane rundt utbetalingane og dei bilag som var framlagde var i samsvar med lovverket.

Kontrollutvalet ba sekretariatet om at handsaminga og vedtaket vart teke opp i eiga sak i møtet.

Fylkesrådmannen m/stab og revisor var ikkje til stades under handsaminga til utvalet.

Kontrollutvalet kom i handsaminga fram til eit framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.